



OSTERØY KOMMUNE
Postboks 1
5293 LONEVÅG

Vår dato:

09.10.2023

Vår ref:

2023/13910

Dykkar dato:

Dykkar ref:

2023/2527

Saksbehandlar, innvalstelefon
Fredrik Arnesen, 5557 2155

Uttale - Dispensasjon - Osterøy 34/2 - Hartveit - vesentleg terrengeinngrep

Vi viser til brev frå Osterøy kommune av 11.09.2023. Saka gjeld uttale til søknad om dispensasjon for vesentleg terrengeinngrep på gbnr. 34/2.

Vurdering

Hovudregelen er å følgje plan- og bygningslova inklusive gjeldande arealplanar, medan dispensasjon er eit unnatak frå dette, og skal ikkje vere kurant.

Med heimel i plan- og bygningslova (tbl.) § 19-2 kan kommunen dispensere frå føresegn som er gjeve i medhald av lov. Kommunen kan likevel ikkje gje dispensasjon dersom omsyna bak føresegn det dispenserast frå, omsyna i loven si formålsføresegn eller nasjonale eller regionale interesser vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane med å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene etter ei samla vurdering.

Arealet er i kommuneplanen sett av til LNF-formål. Kartdata frå NIBIO syner at arealet består av innmarksbeite, produktiv skog og myr. Arealet grenser ikkje til eksisterande dyrka mark.

Det er søkt om dispensasjon for vesentleg terrengeinngrep ved oppfylling av om lag 46 411 m³ tilførte massar på ein del av eigedomen. Det omsøkte arealet er på 15.276 m². Søknaden er slik vi kan sjå det ikkje grunngjeven, men tiltakshavar peikar på at tiltaket etter ferdigstilling vil bidra til å skape nytta fulldyrka areal, noko som vil gje auka matproduksjon.


Tilhøve knytt til nydyrkning og jordforbetring

Nydyrkning kan berre skje etter plan godkjent av kommunen. Ved avgjerda skal det leggjast særleg vekt på verknader tiltaket kan reknast å få for natur- og kulturlandskapsverdiane. Ved avgjerda skal det leggjast vekt på om det ut frå jordloven § 1 er ønskeleg å styrke driftsgrunnlaget, samtidig som det skal leggjast vekt på å sikre driftsmessige gode løysningar. Det er vidare krav om plan for tiltaket godkjent av kommunen (jamfør § 4).



Kommunen må soleis vurdere eventuell trøng for å styrke driftsgrunnlaget for grunneigar. Dette må leggjast til grunn for vedtak om nydyrkning. Det kan i utgangspunktet difor ikkje vere trøng for deponering av massar som ligg til grunn for jordforbetringa.

Deler av det omsøkte arealet består, jamfør data frå NIBIO, av djup myr. Statsforvaltaren vil i første omgang gjere merksam på at det er innført forbod mot nydyrkning av myr, jamfør forskrift om nydyrkning § 5a. Dispensasjon frå forbodet i forskrift om nydyrkning kan likevel gis i særskilde tilfelle. Vi kan likevel ikkje sjå at dispensasjon frå forskrifta er omhandla elle vurdert i søknaden, og legg difor til grunn at tiltaket er i strid med forskrift om nydyrkning § 5a.



Tilhøve knytt til plan- og bygningslova (pbl.)

Når det gjeld dispensasjon etter plan- og bygningslova må mellom andre tilhøve knytt til klima og naturmangfold vurderast. Myra på det omsøkte arealet er ein del av ein større myr som strekkjer seg vidare mot nordvest. Myr kan innehalda store mengder bunde karbon, og større mengd per arealeining enn andre naturtypar. Det er difor auka fokus på unngå inngrep og nedbygging i myrområde, både som tiltak mot klimaendring og for å ta vare på naturmangfold knytt til myr.

Nedbygging av naturområde som myr, som inneheld store lagre av karbon, medfører auka klimagassutslepp og reduserer potensielt framtidig opptak av karbon på arealet. Ut få omsynet til å redusere klimagassutslepp, er det uheldig å bygge ut på areal med store karbonlagre. Sjølv om dei enkelte tiltaka i seg sjølv kan synast små, vil ei bit-for-bit nedbygging av myrområde samla gje betydelege negative konsekvensar for klima og miljø. Vi viser i denne samanheng til statleg planretningsline for klima- og energiplanlegging.

Det er ikkje gjort grundige vurderingar knytt til konsekvensar for naturmangfold i søknaden. Naturen med det biologiske, landskapsmessige og geologiske mangfaldet, og økologiske prosessar skal takast vare på gjennom berekraftig bruk og vern, jf. naturmangfaldlova (nml) § 1. Prinsippa i nml. §§ 8 til 12 om kunnskapsgrunnlaget, føre-var-prinsippet, økosystemtilnærming og samla belastning, skal leggjast til grunn for arealplanlegginga, jf. nml. § 7. Tiltaket ligg i nedbørfelt for vassdrag med elvemusling, og kommunen må difor mellom anna vere trygg på at tiltaket ikkje vil gje negative



verknader for bestanden av elvemusling, før ein eventuelt kan vurdere om det skal innvilgast dispensasjon. Vi viser her til dei lovbundne vilkåra som går fram av PBL § 19.

Myrområde er generelt viktige levestader for insekt, plantar og fuglar. Vi føreset at det blir gjennomført ei vurdering av dei miljørettslege prinsippa etter naturmangfaldlova (nml.) §§ 8-12, og at vurderinga går fram av det endelige vedtaket i saka, jf. nml. § 7.

Deler av tiltaket ligg innanfor omsynssone H560_71 (bevaring naturmiljø) i kommuneplanen. Omsynet bak denne omsynssona er å bevare naturmiljøet slik det er. Det er difor uheldig å etablere nye tiltak innanfor denne sona.

Tiltaket grenser til eit kartlagt svært viktig friluftslivsområde (Vevle-Rognved – nærturterreng) (<https://faktaark.naturbase.no/?id=FK00040628>). Vurdering av konsekvensar for friluftsliv må framkomme i eit dispensasjonsvedtak. Dette gjeld òg i anleggsfasen.

Mot nord vert det mellom anna etablert ein «solid fangvoll» som skal forhindre massane å trenge nordover på naboeigedom. Kommunen må vurdere tiltakets verknader for landskapet i området. Vurdering av landskap må kome fram i eit eventuelt dispensasjonsvedtak.

Tilråding

Vi kan ikkje sjå at dispensasjon frå forskrift om nydyrkning er omhandla elle vurdert i søknaden, og legg difor til grunn at tiltaket er i strid med forbod mot nydyrkning av myr, jamfør forskrift om nydyrkning § 5a.

Når det gjeld dispensasjon etter plan- og bygningslova, må mellom anna tilhøve knytt til klima og naturmangfald vurderast. Inngrep og nedbygging i myrområde vil vere uheldig av omsyn til klima. Tiltaket sine verknader for naturmangfald, særleg knytt til myr og elvemusling, er ikkje grundig vurdert i søknaden.

Deler av tiltaket ligg innanfor omsynssone H560_71 (bevaring naturmiljø) i kommuneplanen. Det er uheldig å etablere tiltak innanfor denne omsynssona.

På bakgrunn av dette rår statsforvaltaren sterkt i frå å gje dispensasjon for vesentleg terrenginngrep på gbnr. 34/2 slik det er søkt om.

Vi ber om å få eit eventuelt positivt dispensasjonsvedtak til klagevurdering.

Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Fredrik Arnesen
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

